

SULDAL KONTROLLUTVAL

INNKALLING TIL MØTE I KONTROLLUTVALET

Dato: torsdag 23. mai 2013
Tid: kl. 09.30
Stad: Suldal kommunehus

Forfall melder du til: Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS, tlf. 52 75 73 53 eller mobil/sms 95 98 69 77, e-post: *ogh@kontrollutvalgene.no*

Ved forfall blir vara medlemmer kalla inn særskilt. Medlemmer som meina seg ugilde, må gi melding om dette slik at vara medlemmer kan innkallast.

Saker merka *Ikkje offentleg jamfør off. l.*, blir berre sende til medlemmer/varamedlemmer.

Rådmannen er invitert i sak 13/13

Sakliste:

11/13 Godkjenning av protokoll 25.04.13

12/13 Referatsaker 23.05.13

13/13 Orienteringar frå rådmannen/administrasjonen

14/13 Rapport frå forvaltningsrevisjon - barnevernet

Eventuelt

Aksdal, 16.05.13

Sverre Underbakke (sign.)
Kontrollutvalsleiar


Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær

Kopi: Ordførar (møte- og talerett)
Revisor (møte- og talerett)
Rådmann (invitert i sak 13/13)
Varamedlemmer (til orientering)

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	23.05.13	11/13

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 25.04.13

Vedlegg: Protokoll frå kontrollutvalsmøte 25.04.13

Saksorientering:

Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 25.04.13 ligg ved saka til godkjenning. Protokollen er gjennomlest og godkjent av leiar i etterkant av møtet og oversendt kommunen.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 25.04.13 blir godkjent slik han ligg føre.

Aksdal, 16.05.13



Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær

SULDAL KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Torsdag **25. april 2013** blei det halde møte i Suldal kontrollutval under leiing av utvalsleiar Sverre Underbakke.

MØTESTAD:	Suldal kommunehus, formannskapssalen
MØTESTART-MØTESLUTT:	kl. 09.30 – 13.30 (inkl. pause)
MØTANDE MEDLEMMER:	Sverre Underbakke (H), Berit Myrland (SV), Tormod Skeie (SV), Solveig Sukka (Sp) og Vanja Ignjatic (H)
MØTANDE VARAMEDLEM:	Ingen
FORFALL:	Ingen
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Rådgjevar Odd Gunnar Høie, Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Revisor Cicel T. Aarrestad - Rogland Revisjon IKS
ANDRE SOM MØTTE:	Kåre Sirevaag og Ronny Rugland i sak 8/13, Egil Bakke og Svein Losnegård i sak 9/13
MERKNADER TIL INNKALLING:	Til referatsak 4, i sak 7/13 var notat frå områdesjef heimettenestene ettersendt 23.04.13.
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 06/13 GODKJENNING AV PROTOKOLL 31.01.13

Sekretariatet si innstilling:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 31.01.13 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 25.04.13:

Utvalet hadde ingen merknader til protokollen.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 25.04.13:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 31.01.13 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 07/13 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 25.04.13

4. Psykiatriens plass i samhandlingsreforma – orientering v/rådmannen
5. Kommunestyrevedtak 19.03.13, sak 12/13 – Rapport selskapskontroll IKA
6. Kontrollrapport 2012 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen for Suldal kommune
7. Åpenhetsrapport 2012 – frå Rogaland Revisjon IKS
8. Innkalling – representantskapsmøte 25.04.13 – Interkommunalt arkiv Rogaland IKS
9. Innkalling – representantskapsmøte 30.04.13 - Ryfylke Miljøverk IKS
10. Innkalling – representantskapsmøte 07.05.13 – Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS
11. Representantskapsmøte 28.05.13 – Krisesenter Vest IKS
12. Årsmøte 06.06.13 - Ryfylke IKS
13. Statusrapport pr. april 2013

Handsaming i kontrollutvalet 25.04.13:

Fyrste sak blei utsett til neste møte. Utvalet ønskte ei grundigare orientering enn det som administrasjonen skriftleg hadde lagt fram. Revisor orienterte i sak 7. Elles ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 25.04.13:

Referatsakene 4 - 13 blir tatt til orientering.

Orienteringa i referatsak 4 vert utsett til neste møte.

SAK 08/13 SULDAL KOMMUNE SIN ÅRSREKNESKAP FOR 2012 – KONTROLLUTVALET SIN UTTALE

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet i Suldal vedtek uttale til kommunerekneskapen for 2012 slik den ligg føre / med desse endringane:

Kontrollutvalet ber rådmannen gje ei skriftleg tilbakemelding til kontrollutvalet innan 1. september på korleis merknadene i årsoppgjersnotatet er følgt opp.

Handsaming i kontrollutvalet 25.04.13:

Kåre Sirevaag og Ronny Rugland frå rekneskapsavdelinga orienterte. Revisor Cicel T. Aarrestad orienterte om revisjonen sitt arbeid og innhaldet i årsoppgjersnotatet og revisjonsmeldinga.

Utvalet hadde fleire oppfølgingsspørsmål undervegs.

Tormod Skeie gjorde følgjande framlegg til ei tilføyning i uttalen:

«Kontrollutvalet vil peika på eit lite ønskjeleg sprik mellom inntekter og inntektsanslag, og mellom investeringsbudsjett og reelle investeringar. Dei store avvika kan vera med på å skapa eit urealistisk bilde av kommunen sin økonomi.»

Utvalet støtta framlegget.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 25.04.13:

Kontrollutvalet i Suldal vedtek uttale til kommunerekneskapen for 2012 slik den ligg føre, med denne tilføyinga:

«Kontrollutvalet vil peika på eit lite ønskjeleg sprik mellom inntekter og inntektsanslag, og mellom investeringsbudsjett og reelle investeringar. Dei store avvika kan vera med på å skapa eit urealistisk bilde av kommunen sin økonomi.»

Kontrollutvalet ber rådmannen gje ei skriftleg tilbakemelding til kontrollutvalet innan 1. september på korleis merknadene i årsoppgjersnotatet er følgd opp.

**SAK 09/13 SULDAL ELVERK KF SIN REKNESKAP FOR 2012 –
KONTROLLUTVALET SIN UTTALE**

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet i Suldal har fylgjande kommentarar til særrekneskapen til Suldal Elverk KF 2012 og vedtek uttalen slik den ligg føre / med desse endringane/tillegga.

Kontrollutvalet ber styret gje ei skriftleg tilbakemelding til kontrollutvalet innan 1. september på korleis merknadene i årsoppgjersnotatet er følgd opp.

Handsaming i kontrollutvalet 25.04.13:

Elverksjef Egil Bakke og økonomisjef Svein Losnegård orienterte om Elverket sitt rekneskap. Revisor Cicel T. Aarrestad orienterte om revisjonen sitt arbeid og innhaldet i årsoppgjersnotatet og revisjonsmeldinga. Utvalet hadde fleire oppfølgingsspørsmål undervegs. Utvalet slutta seg til innstillinga.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 25.04.13:

Kontrollutvalet i Suldal har fylgjande kommentarar til særrekneskapen til Suldal Elverk KF 2012 og vedtek uttalen slik den ligg føre.

Kontrollutvalet ber styret gje ei skriftleg tilbakemelding til kontrollutvalet innan 1. september på korleis merknadene i årsoppgjersnotatet er følgd opp.

**SAK 10/13 GODKJENNING AV PROSJEKTMANDAT – STYRING AV
BYGGEPROSJEKTER**

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet i Suldal tiltre revisor sitt framlegg til prosjektmandat for Styring av byggeprosjekter, slik det ligg føre/med dei endringar gjort i møtet.

Handsaming i kontrollutvalet 25.04.13:

Utvalet drøfta framlegget til prosjektmandat. Revisor svara på nokre spørsmål medlemmene hadde kring prosjektet, kostnaden og tidsbruken av prosjektet og gjennomføring av forvaltningsrevisjonar. Prosjektet er berekna til eit arbeidsforbruk på 200 timar.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 25.04.13:

Kontrollutvalet i Suldal tiltrer revisor sitt framlegg til prosjektmandat for Styring av byggeprosjekter, slik det ligg føre.

Eventuelt

Solveig Sukka gjorde følgjande framlegg:

Utvalet ønskjer orienteringar/utgreiingar om følgjande saker frå rådmannen/administrasjonen til neste møte:

- *Fastlegeordninga, og stadig utskifting av legar – korleis sikrar ein pasientane sine rettar og kvaliteten i legetenesta når dette skjer? (frå møtet 31.01.13)*
- *Saksgang, bruk av lovheimlar og anna relevant informasjon kring saka om helikopterlandingsplass*
- *Introduksjonstenesta for flyktingar og asylsøkarar - kva blir gjort for å betre forholda?*

Leiar sa seg ugild i saka om helikopterlandingsplass og deltok ikkje i drøftingane. Utvalet slutta seg til framlegget.

Synleggjering av kontrollutvalet

Utvalet drøfta om dei skulle be om å få orientera kommunestyret om utvalet sitt arbeid. Tormod Skeie blei beden om å førebu noko kring dette til neste møte.

Neste møte: 23.05.13, kl. 09.30

Saker: rapport om barnevernet, orienteringar frå rådmannen

Sand/Aksdal, 25.04.13

Sverre Underbakke
Kontrollutvalsleiar


Odd Gunnar Høie
Kontrollutvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	23.05.13	12/13

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

REFERATSAKER 23.05.13

- 14. Satusrapport pr. mai 2013
- 15. Pressemelding frå KRD – Interkommunalt samarbeid løner seg for kommunane
- 16. Frå Kommunerevisoren nr. 3- Antikorrupsjon i kommunene – meir enn kontroll.

Saksorientering:

Sakene blir lagde fram for kontrollutvalet til orientering.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Referatsakene 14 – 16 vert tatt til orientering.

Aksdal, 16.05.13



Odd Gunnar Høie
Utdalssekretær



Kontrollutvalet i Suldal

Statusoversikt mai 2013

Saker frå bestilling til behandling i kontrollutvalet


Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Tidsbruk	Status	Ferdig dato	Merknader
Styring av byggeprosjekt	14.11.12	200 timar		17.10.13	Godkjent i KU 25.04.13
Selskapskontroller					
Andre saker					

Saker under politisk behandling eller til oppfølging i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Behandla i KU	Behandla av/dato	Planlagt oppfølging	Merknader
Barnevern i Suldal	14.11.12	23.05.13	Kst		150 timar
Selskapskontroller					
Andre saker					

Avslutta prosjekter i 2012/2013

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Behandla i KU	Behandla av/dato	Følg opp	Merknader
Plan for forvaltningsrevisjon 2012-2015	25.04.12	14.11.12	Kst 29.01.13		
Selskapskontroller					
Interkommunalt Arkiv	25.04.12	31.01.13	Kst 19.03.13	Hausten - 13	
Plan for selskapskontroll 2012-2016		14.11.12	Kst 29.01.13		
Andre saker					



KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENTET

Du er her: regjeringen.no / [Kommunal- og regionaldepart...](#) / [Pressesenter](#) / [Pressemeldinger](#) / Interkommunalt samarbeid løner seg for kommunane

Pressemelding, 29.04.2013

Interkommunalt samarbeid løner seg for kommunane

Interkommunalt samarbeid aukar kvaliteten på tenestene og løner seg økonomisk, viser ny rapport. Det gjeld både for store og små kommunar.

– Dette viser at interkommunalt samarbeid gjev kommunane nødvendig fleksibilitet til å kunne organisere tenester og oppgåver i tråd med lokale tilhøve. Det aukar kvaliteten på tenestene, seier kommunal- og regionalminister Liv Signe Navarsete.

Navarsete meiner rapporten vil vere relevant for debatten om framtida sin kommunestruktur.

– Tilhengarane av omfattande kommunesamanslåing peiker ofte på at små kommunar må samarbeide med andre for å løyse enkelte oppgåver, og meiner dette er eit problem. Denne rapporten dokumenterer at store kommunar faktisk samarbeider meir enn dei små, fastslår Navarsete.

Kommunal- og regionaldepartementet har fått IRIS, Nordlandsforskning, Uni Rokkan og Høgskolen i Oslo og Akershus til å kartleggje omfanget av interkommunalt samarbeid.

Dei har analysert konsekvensane av at stadig meir av den kommunale aktiviteten skjer i ulike kommunesamarbeid.

Analysen viser at det finst om lag 850 formaliserte interkommunale samarbeid i Noreg. Kvar kommune deltek i gjennomsnitt i elleve samarbeid med andre kommunar. Dei største kommunane deltek i fleire, i gjennomsnitt i femten.

Samla sett har forskarane kalkulert det økonomiske omfanget av interkommunalt samarbeid til om lag ti prosent av driftsutgiftene til kommunane.

Det er registrert flest samarbeid om tenester innanfor teknisk sektor som energi, vassforsyning, avløp, renovasjon, avfallshandtering, brannvern og bompengeselskap. Desse samarbeidsområda er også størst målt i omsetjing.

Kommunane samarbeider svært lite innanfor store kjerneoppgåver som barnehage, grunnskule og pleie og omsorg. Desse områda utgjer 68 prosent av brutto driftsutgiftene til kommunane.

Dei store kommunane, med over 20 000 innbyggjarar, deltek i flest samarbeid om samferdsel, næringsutvikling, hamn og kulturhus/kino. Dei minste kommunane, med under 1 500 innbyggjarar, samarbeider mest om barnevern, men også om legevakt.

Her kan du lese hele rapporten: ["Interkommunalt samarbeid: Konsekvenser, muligheter og utfordringer"](#)

Kommunal- og regionaldepartementet sin pressetelefon: 22 24 25 00.

Antikorrupsjon i kommunene – mer enn kontroll

Korrupsjon i kommunesektoren er satt på dagsordenen gjennom et kritisk søkelys fra mediene og avsløringer av korrupsjonssaker. Etter at korrupsjonsbestemmelsene kom inn i straffeloven i 2003, er 24 personer dømt for korrupsjon i fem korrupsjonssaker i kommunene.

Antallet kan synes beskjedent, men viser samtidig at kommunene også er utsatt for risiko. Flere av sakene har hatt et innhold og omfang som har bidratt til å vekke bevisstheten blant folkevalgte og ansatte om at korrupsjon også kan finne sted hos dem. Utfordringen for kommunene er å omsette en slik bevissthet til konkrete korrupsjonsforebyggende aktiviteter.

Håndbok i antikorrupsjon

KS har i samarbeid med Transparency International Norge (TI Norge) satt i gang prosjektet «Åpenhet, integritet og antikorrupsjon i kommunesektoren» som nettopp skal bidra til at kommuner, fylkeskommuner og kommunale bedrifter kommer i gang med et korrupsjonsforebyggende arbeid. Prosjektet er støttet av Kommunal- og regionaldepartementet.

Som et ledd i arbeidet er det laget en håndbok i antikorrupsjon for kommunene, «Beskytt kommunen!»¹, utgitt av TI Norge i mars 2013. Hensikten er å motivere kommuner og fylkeskommuner til å arbeide for å forebygge og forhindre misligheter og korrupsjon. Sammen med det øvrige etikkarbeidet og bruk av KS' idehefte «Rådmannens internkontroll», kan håndboken gi konkrete innspill til antikorrupsjonsarbeidet i kommunesektoren.

Risikosoner i kommuneforvaltningen

I straffeloven er korrupsjon definert som «å kreve, motta eller akseptere et tilbud om en utilbørlig fordel i anledning av stilling, verv eller oppdrag» eller «å gi eller tilby noen en utilbørlig fordel i anledning stilling, verv eller oppdrag.»

AV SPESIALRÅDGIVER TOR
DØLVIK, TRANSPARENCY
INTERNATIONAL NORGE



Foto: Agenda Kaupang

Politikere, ledere og medarbeidere kan komme i situasjoner som gir mulighet til å misbruke posisjon, tillit og makt. Personer utenfor kommunen kan også fremme særinteresser og utøve press som kan være vanskelig å håndtere og sette den enkeltes integritet på prøve. Et sentralt perspektiv i håndboken er at alle de kommunale rollene utgjør risikosoner der korrupsjon kan oppstå:

Demokratirollen: Lokaldemokratiet er basert på borgernes politiske deltakelse i og mellom valg. Velgernes stemmegivning kan utsettes for utilbørlig påvirkning og valgoppgjøret eller valgavviklingen kan utsettes for uregelmessigheter som påvirker valgresultatet. Politikernes ombudsrolle innebærer utstrakt kontakt med ulike interesser i lokalsamfunnet. For alle deltakere i lokalpolitiske beslutningsprosesser er det nødvendig å ha en oppfatning av hvor grensen går mellom legitim kontakt og utilbørlig påvirkning, særlig i situasjoner der det kan stilles spørsmål ved de folkevalgtes uavhengighet.

Myndighetsrollen: Folkevalgte og kommuneansatte avgjør fordelingen av goder og byrder i lokalsamfunnet gjennom myndighetsutøvelsen. Kommunen fastsetter påbud og forbud, krever inn skatter og avgifter, gir tillatelse, fordeler tilskudd og gir bevillinger som er bestemmende for enkeltindividers, bedrifters eller organisasjoners

¹ Håndboken kan lastes ned på www.transparency.no



rettigheter og plikter. Likebehandling og etterprøvnbarhet er grunnleggende prinsipper i myndighetsutøvelsen, men utenforliggende hensyn eller påvirkning kan på en utilbørlig måte virke inn på vedtakene, enten de treffes i et folkevalgt organ eller av kommunalt ansatte som forvalter vedtakskompetansen.

Tjenesterollen: Kommunesektoren har et omfattende tjenesteansvar overfor befolkningen. Utilbørlig påvirkning kan favorisere enkelte tjenestemottakere eller medføre fordeler for ansatte. Påvirkningen kan skje i utformingen av rammene for tjenestestedenes virksomheter eller overfor innholdet i selve tjenesten som enkeltbrukere mottar.

Utviklingsrollen: Kommuner og fylkeskommuner har ansvar for å sikre en god samfunnsutvikling og regional utvikling. Det handler bl.a. om stedsutvikling, næringsutvikling, tilrettelegging for gode bosteder og å tiltrekke seg innbyggere eller næringsliv. Utviklingsrollen handler om at kommunene og fylkeskommunene må være proaktive i møte med potensielle interessenter og bygge allianser og arenaer for å bringe aktører sammen i utviklingsprosesser. Utilbørlige fordeler kan oppstå ved at adgangen til å delta på viktige møtearenaer eller tilgangen til kommunale ressurser forbeholdes noen interessenter.

Eierrollen: Kommuner og fylkeskommuner velger i økende grad å organisere deler av virksomheten i egne selskaper eller foretak. Det innebærer at kommunene må ivareta sine interesser gjennom eierstyring og ikke gjennom direkte politisk eller administrative styring fra folke-

valgte organer eller administrasjon. Eierstyringen forutsetter at kommunen som eier må sikre klarhet i roller, hvem som skal delta i styrer, profesjonalitet i selskapsledelsen, mulighet til kontroll og oppfølging av at driften er i samsvar med kommunens mål og interesser.

Korrupsjon kan ha mange former, og den kan utvikle seg gradvis, fra en praksis som oppleves som smidig og hensiktsmessig i hverdagen, via snarveier og små omgørelser av rutiner og regelverk, til misligheter eller straffbar korrupsjon. Prosessen kan skje på individnivå eller utspille seg som ukultur i et miljø der årvåkenhet og kritisk sans svekkes. I en slik glidende prosess med utspring i uvaner og ukultur, kan korrupsjon finne grobunn og gjøre organisasjonen sårbar for misbruk av myndighet og posisjon eller redusere motstandsdyktigheten i møte med påvirkning eller press for å oppnå fordeler.

I håndboken beskrives ulike korrupsjonsformer som kan oppstå innenfor de kommunale rollene:

- Bestikkelser
- Bidrag til politiske partier eller kandidater
- Veldedige gaver
- Sponsing
- Utpressing
- Gaver, representasjon og utgiftsdekning
- Interessekonflikter
- Lobbyvirksomhet

Ved å erkjenne risikoen for korrupsjon kan kommuner, fylkeskommuner og kommunale bedrifter arbeide med å forebygge og forhindre at korrumpende atferd utvikler seg og styrke muligheten til å avdekke saker.

Antikorrupsjonsprogram i kommunene

I håndboken anbefales det at kommunene utvikler sitt eget antikorrupsjonsprogram. Gjeldende lovverk inneholder langt på vei de elementene som skal forhindre korrupte handlinger. Likevel er det en rekke forhold som gjør at korrupsjon kan utvikle seg. Gjennom antikorrupsjonsarbeidet kan kommunene skape bevissthet, holdninger, kunnskap og atferd som gjør at regelverk og rutiner faktisk blir etterlevd. De etterleves ikke av seg selv, men gjennom aktive handlinger som politikere, ledere og ansatte foretar seg. Håndboken foreslår at et kommunalt antikorrupsjonsprogram omfatter seks hovedelementer:

1. Verdier, holdninger og kultur

Verdigrunnlag uttrykker hva som skal kjennetegne kommunens virksomhet innenfor alle dens roller og funksjoner. Verdiene må kunne gjenfinnes i de handlinger som kommunens representanter foretar seg, som ledere, ansatte eller folkevalgte. Kommunenes



■ ■ Gjennom antikorrupsjonsarbeidet kan kommunene skape bevissthet, holdninger, kunnskap og atferd som gjør at regelverk og rutiner faktisk blir etterlevd.

ledelse bør sørge for at det er formulert et verdigrunnlag, og at dette brukes aktivt i arbeidet med å bygge en god organisasjonskultur for å forebygge og reagere på uetisk og korrupt atferd.

2. Etiske retningslinjer for ansatte og folkevalgte

Etiske retningslinjer inneholder ofte klare anvisninger av hvilken atferd som forventes og hva som skal være rettesnoren. Etiske retningslinjer presiserer noen fundamentale krav som følger av kommunens grunnverdier. Etiske retningslinjer får praktisk betydning ved å tas i bruk og ved at ansatte og folkevalgte forholder seg aktivt til innholdet i dem, gjerne gjennom dilemmadiskusjoner med utgangspunkt i eksempler fra egen virksomhet.

3. Risikoanalyser

Hensikten med risikoanalyse er å finne ut hvordan antikorrupsjonsprogrammet bør innrettes og hva som bør prioriteres. Kartlegging og analyse av risiko for korrupsjon er utgangspunkt for risikoreduserende tiltak, enten som egne målrettede tiltak eller som en integrert del av kommunens helhetlige risikostyring. Risiko for korrupsjon bør analyseres i alle virksomheter. Det kan skje ved at alle kommunale virksomheter tenker gjennom hvordan korrupte handlinger kan skje i egen virksomhet, hvor sannsynlig disse hendelsene er og hvilke konsekvenser de kan ha.

4. Et godt kontrollsystem

– egenkontroll og internkontroll

Et velfungerende kontrollsystem er avgjørende i et kommunalt arbeid mot korrupsjon, dels gjennom kontroller med at muligheten til å begå korrupte handlinger forhindres, dels ved at kontroll øker faren for å bli oppdaget. Kontrollsystemet omfatter kommunestyrets egenkontroll, kontrollutvalgets arbeid, forvaltnings- og regnskapsrevisjon og rådmannens internkontroll.

5. Strategi for anskaffelser

Kommuner og fylkeskommuner foretar innkjøp av varer og tjenester til en samlet verdi av rundt 150 milliarder kroner årlig. Anskaffelser er en prosess

som tradisjonelt inneholder korrupsjonsrisiko. Ved å ha en tydelig strategi for anskaffelser og å implementere den i alle ledd, vil kommunen kunne redusere risikoen for feil, misligheter og korrupsjon. Oppbygging av anskaffelsesfaglig kompetanse, klare rutiner og tydelig ansvar for å etterleve dem vil være sentrale elementer i en slik strategi.

6. Varslingsordning

Antikorrupsjonsprogrammer kan ha begrenset verdi hvis ansatte eller andre som opplever kritikkverdige forhold, ikke vet hvor de skal henvende seg. Kommunen må sikre at varsling oppmuntres og at varslere beskyttes. Når en ansatt observerer kritikkverdige forhold, skal vedkommende oppmuntres til å rapportere dette. Kommunen har plikt til å oppmuntre sine ansatte til å bruke sin rett til å si ifra, og å tilrettelegge for det.

Antikorrupsjon som tillitsskapende forvaltning

Tilliten til lokaldemokratiet og kommuneinstitusjonen svekkes når det avdekkes misligheter eller korrupsjon. Tilliten styrkes når kommunene gjennom praksis viser at tjenesteproduksjon, myndighetsutøvelse og politiske beslutningsprosesser er åpne, lovlige og etterprøvbare. Det er også tillitsbyggende når kommunene viser evne til å avdekke og håndtere uønskede hendelser på en betryggende måte.

Et synlig kommunalt antikorrupsjonsarbeid kan bidra til å vedlikeholde og styrke tilliten til at kommunesektoren ivaretar felleskapets beste.

Tor Dølvik er statsviter og har siden april 2012 vært spesialrådgiver i Transparency International Norge med ansvar for prosjektet "Åpenhet, integritet og antikorrupsjon i kommunesektoren". Han har bakgrunn fra forskning, forvaltning og konsulentvirksomhet og har arbeidet med kommunalfaglige utredninger og analyser gjennom de siste 25 årene.

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	23.05.13	13/13

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

ORIENTERING FRÅ ADMINISTRASJONEN V/RÅDMANNEN

Bakgrunn:

Utvalet har på møtene den 31.01.13 og 25.04.13 tatt opp fleire saker som dei vil at rådmannen skal orientera om. Sakene utvalet har tatt opp er desse:

1. Har kommunen ein klar beredskap for å motarbeide korrupsjon? Korleis kan ein betre arbeidet med og avdekka/hindra korrupsjon? Er dette noko revisjonen kan bidra med?
2. Korleis blir psykiatriens plass tatt i vare etter innføring av samhandlingsreforma? (Utsett frå møtet 25.04.13 – notat utarbeidd til møte 25.04.13 følgjer som vedlegg).
3. Fastlegeordninga, og stadig utskifting av legar – korleis sikrar ein pasientane sine rettar og kvaliteten i legetenesta når dette skjer?
4. Saksgang, bruk av lovheimlar og anna relevant informasjon kring saka om helikopterlandingsplass
5. Introduksjonstenesta for flyktningar og asylsøkarar - kva blir gjort for å betre forholda?

Saksutgreiing:

Sekretariatet sendte brev til administrasjonen med orientering om dette den 04.02.13 og 03.05.13. Utvalssekretær har i e-post til rådmannen den 14.05.13 minna om utvalet sine ønsker.


SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Suldal tar rådmannen sine utgreiingar om:

- antikorruptjonsarbeidet,
- psykiatri og samhandlingsreforma,
- fastlegeordninga,
- helikopterlandingsplass-saka og
- introduksjonstenesta

til orientering.

Aksdal, 16.05.13


Odd Gunnar Høie

Utvalssekretær

Sendt ut på e-post 23/4
Vedlegg i Sak 7/13 - pkt 4.

Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS

Mottatt dato: 22.04.13

Journalført: 13/150/ og l

Arkivkode: 30

Psykiatriens plass i samhandlingsreforma.

Kort kan ein sei at me er avventande. Det er ennå ikkje teke noko avgjerd når det gjeld finansieringsmodell og det er ikkje skrive avtalar med helseføretaket når det gjeld psykisk helse

I KS- aktuelt 1/2013 vert det skrive at kunnskapsgrunnlaget i dag er for usikkert til at kommunal medfinansiering (KMF) og betaling for utskrivingsklare pasientar kan innførast allereie frå 2014. KS meiner ei innføring av nye verkemiddel krev

- Kunnskap om kva som fremmer gode pasienforløp.
- Ei vurdering av økonomiske risikofaktorar for kommunen
- Eit godt datagrunnlag om aktuelle pasientgrupper.

Rus og psykisk helse er eit område kor pasientforløp sjeldan kan sjåast som ei rett line kor det er lett å avgjere kva som er spesialisthelseteneste og kva som er primærhelseteneste. Når kan menneske frå denne pasientgruppa sjåast på som utskrivingsklar ? Kven skal definere det?

SINTEF Helse har på oppdrag frå KS evaluert moglege modellar for å utvida det kommunale medfinansieringsansvaret for sjukehusenester til og å omfatte psykisk helse og rus. SINTEF-rapporten peikar på at psykisk helsevern og rusbehandling er langt meir samansett enn vanleg somatisk behandling. Det er til dømes uklare grenser mellom behandling, utredning og ettervern, og det vil alltid være glidande overgangar. Innanfor desse pasientgruppene er eit behandlingsforløp sjeldan ei rett linje, kor behovet for eit sjukehusopphald kan sjåast på førehand. Som regel treng brukarane tilbod frå fleire instansar på same tid.

KS planlegg å setje i gang eit FoU- prosjekt med vurdering av finansieringsmodellar som kan eigna seg for forsøk i einskilde kommunar.

I tråd med helsepolitiske retningslinjer skjer det ei dreining frå døgnavdeling til ambulant verksemd. Helseføretaka skal ha Ambulante akutt team for heimebehandling i kommunane . Det må seiast at me ser lite til dette i Suldal. Ofte må pasienten reise td. til Ølen. Her er eit forbettringspotensiale.

Psykisk helse i Suldal har god kompetanse, både praktisk- og formalkompetanse både hjå helsefagarbeidarane og sjukepleiarane. I framtida skal meir behandling av lettare psykiske lidningar (angst og depresjon) skje i kommunen. Då vil me trengje kompetanse på kognitiv terapi. I dag har tilsette kurs i det, men me vil trengje at nokon tek studiar på høgskulenivå i kognitiv terapi for å være betre rusta til framtidege oppgåver. Det kan vere eit problem for oss å prioritera, setja nokon framfor andre. Dette vert det arbeida med å få inn i plandokument og retningslinjer, men og hjå den einskilde tilsette. Framtida ser ut til å krevje omprioritering og fleksibilitet når det gjeld oppgåver.

Det at kommunen har fått ei fungerande koordinerande eining kjem fleire av psykiatrien sine brukarar til nytte. Psykisk helse ynskjer å bidra i den styrkinga av tilbodet til born og unge med samansette problem som me i nasjonale mål og prioriteringar vert bedne om å gjere ved å tilsetje en person (50%) til dette som ein del av eit internt tverrfagleg arbeid.

Me greier ikkje å gje eit optimalt tilbod til det få (1-2) som kunne hatt nytte av eit bufellesskap med tenester heile døgnet.

Siste:

Reviderte avtalar er nå ute til høyring med utsett høyringsfrist til 22.04. Psykiatri og rus er i forslag til revidert plan innarbeida i eksisterande planar. Det er ikkje noko som går på betalingsordning i avtalane. Der har vore møte i leiargruppa i helse, omsorg og sosial på Haugalandet for å diskutera forslaga til avtalane og innspela. Suldal har sendt høyringsuttale, men ikkje noko som gjeld rus og psykiatri.

Nina Mosbron

Områdesjef heimetenestene

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	23.05.13	14/13
Kommunestyret	18.06.13	

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	216	

RAPPORT FRÅ FORVALTNINGSREVISJON – BARNEVERNET

Vedlegg: Rapport frå forvaltningsrevisjon av barnevernet i Suldal kommune –
utarbeida av Rogaland Revisjon IKS

Bakgrunn:

I ny plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2012-2015 for Suldal kommune er barnevernet eit av dei prioriterte prosjekta. Kontrollutvalet starta hausten 2012 ein prosess med å gjennomføra ein slik forvaltningsrevisjon. Rogaland Revisjon IKS utarbeidde ein prosjektplan etter utvalet sitt ønskje framsett i møte 23.08.12, sak 19/12. Kontrollutvalet vedtok i møte 14.11.12, sak 24/12 mellom anna følgjande:

Kontrollutvalet i Suldal tingar ein forvaltningsrevisjon av barnevernet i fylgje vedlagte prosjektplan frå Rogaland Revisjon IKS.

.....

Leiar får fullmakt til å godkjenna dei endelege prosjektplanane innanfor dei økonomiske rammer utvalet har til rådvelde.

Omfanget av arbeidet blei sett til ca. 150 timar.

Mandat:

Hovudproblemstillinga blei formulert slik:

Prosjektet skal undersøke hvordan bekymringsmeldinger og undersøkelser håndteres, og vurdere hvordan samarbeidet i kommunen fungerer.

Desse spørsmåla blei formulert som aktuelle områder å sjå nærare på:

- *Hvordan blir bekymringsmeldingene fanget opp og behandlet?*
- *I hvilken grad har saksbehandlingstiden reelt sett vært lang, og hvilken konsekvens har lang saksbehandlingstid for barna?*
- *Hvordan fungerer det interne samarbeidet i kommunen?*
- *I hvilken grad er det behov for et kommuneovergripende barnevernsamarbeid?*
- *Hvordan har utviklingen i utgifter, arbeidsmengde og bemanning vært de siste årene*

Sekretariatets vurdering:

Rogaland Revisjon IKS har med dette som utgangspunkt gjennomført prosjektet våren 2013. Rapporten har vore på høyring, og er nå verifisert. Rådmannen har gitt sine kommentarar 14.05.13 og desse er innarbeidd i rapporten.

Revisjonen har følgjande hovudbodskap og tilrådingar:

Konklusjoner:

- *Andelen barn med barnevernstiltak, herunder hjelpetiltak, er omtrent på nivå med andre kommuner. Samtidig har Suldal et langt lavere kostnadsnivå, noe som skyldes at man har satt i verk relativt få tiltak utenfor hjemmet.*
- *Kommunen bryter fristen på 3 måneder til å gjennomføre undersøkelser i mange av de aktuelle sakene:*

I 2011 ble fristen brutt i 16 av 23 gjennomførte undersøkelser (70 prosent).

I 2012 ble fristen brutt i 12 av 32 gjennomførte undersøkelser (38 prosent).

- *Vi registrerer visse avvik når det gjelder oppfølging og kontroll med fosterhjem.*
- *Bemanningssituasjonen er en kritisk faktor i barnevernet. Suldal har i perioder hatt utfordringer med kontinuitet og sykefravær. Disse momentene kan påvirke innhold og kvalitet i tjenesten.*
- *Samspillet mellom barnevernet og andre berørte instanser i kommunen må sies å være tilfredsstillende.*

Revisjonens anbefalinger:

- *Vi anbefaler kommunen å vurdere hvordan stabilitet og kontinuitet i bemanningen kan sikres over tid.*
- *Vi anbefaler kommunen å vurdere hvordan man kan redusere antall fristoverskridelser ved gjennomføring av undersøkelser.*
- *Vi anbefaler barnevernet å sørge for at lovkravene om oppfølging og kontroll av barnets situasjon i fosterhjemmet, samt lovkravene om tilsyn med fosterhjemmene, blir fulgt opp.*
- *Vi anbefaler kommunen fortsatt å vurdere om interkommunalt samarbeid kan styrke barnevernstjenesten.*

For meir detaljar og rådmannen sin kommentar syner ein til sjølve rapporten. Rådmannen har i sin uttale gitt ein grundig kommentar til kvar av revisjonen sine fire tilrådingar.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK OG INNSTILLING TIL KOMMUNESTYRET:

1. Suldal kommunestyret har merka seg det som kjem fram i rapporten om barnevernet og tek denne til etterretning.
2. Suldal kommunestyret vil be rådmannen arbeide vidare med revisor sine tilrådingar for å betre drifta av barnevernet.
3. Rådmannen blir bedd om å gje kontrollutvalet ei orientering om arbeidet innan 31.12.13.

Aksdal, 16.05.13


Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær